



DEN NORSKE KYRKJA

Ressursar til advent og jul



I dag vil regjeringa kome med nye nasjonale tiltak for å hindre smittespreiing. Kyrkerådet vil oppdatere kyrkja.no/korona og sende ut meir informasjon når tiltaka er kjend.

I kyrkja sin ressursbank er det tilgjengeleg materiell til advent og jul, mellom anna [det smittevernvenlege opplegget Open julekyrkje](#). Det finst også [kommunikasjonsressursar for jul](#) og ein samlerressurs med [inspirasjon til julegudstenesta](#).

Kirkens nødhjelp har også klare ressursar til advents- og juletida. På [nettsidene](#) finn du mellom anna informasjon om takkoffer i julegudstenesta, preikerefleksjon frå sokneprest Frode Wigum, filmar til sosiale medier og bilete frå Kirkens nødhjelp sitt arbeid.

– Vi erfarer at vårt arbeid er viktigare enn nokon gong, i møte med pandemi og klimaendringar. Takk for at de står bak oss i det globale oppdraget vi har saman, seier seksjonsleiar Siv Bonde i Kirkens nødhjelp.

[Sjå Kirkens nødhjelp sine ressursar](#)



Opptak av allmøte

Onsdag i førre veke var det allmøte for alle tilsette i kyrkja. Tema på møtet var mellom anna ny rekrutteringsstrategi, satsing på kyrkjebygg, statistikkrapportering, skulegudstenester og koronainformasjon. Dette var siste allmøte i 2021. Neste allmøte er 26. januar 2022.

[Sjå allmøtet i opptak](#)



Medlemsundersøking i kyrkja

Nær tre tusen har i haust svart på medlemsundersøking i Den norske kyrkja. Undersøkinga spør mellom anna om tru, bøn, kyrkjelege handlingar og relasjon til kyrkja. Resultata viser framleis stor oppslutning om dei kyrkjelege handlingane.

[Les meir](#)



Global folkekyrkje

Den norske kyrkja vil skape «Meir himmel på jorda», ein ambisiøs visjon for ei kyrkje som teller to promille av kristne i verda. Overvurderer kyrkja sin posisjon og innflytelse – eller er visjonen faktisk heilt realistisk?

[Les meir](#)



Ny rammeavtale på IT-utstyr

Det er nyleg gått inn felles rammeavtalar for IT-utstyr. Dette er til dømes datamaskiner, utstyr, mobilar og møteromsutstyr. Avtalen kan nyttast av alle einingar i Den norske kyrkja.

[Les meir](#)



Ressursar til jule-kommunikasjon

I ressursbanken ligg det ei rekkje med kommunikasjonsressursar, til fri bruk i advent- og juletida. Bruk bilete, videoar og postar på sosiale medier til å fortelje om kyrkjelyden sine aktivitetar denne tida.

[Les meir](#)

Webinar og frukostmøte



Dialog landet rundt - kirken, mangfoldet og dialogarbeidet

09. desember kl 09.00: [Les mer og meld deg på her](#)

Frokostmøte: Er asyldebatten mislykket?

15. desember kl 08.30: [Følg frokostmøtet her](#)

Utfylling av menighetens årsstatistikk for 2021

16. desember kl 09.00: [Les mer og meld deg på her](#)

Sjå full webinaroversikt og opptak av tidlegare webinar på ressursbanken.no/webinar

Fekk du med deg desse sakene?



Advents- og julesalmar frå søsterkyrkjer

Bli med på å dele slamar frå heile verda på kyrkjelyden si Facebook-side! Det lutherske verdsforbundet har i år som i fjor ein digital adventskalendar med salmar.

[Les meir her](#)



Nytt om 2021-statistikken

SSB-skjemaet for kyrkjeleg aktivitet vert endra for 2021. I tillegg vert det ei kort rapportering om digital aktivitet. Rapporteringa skjer i januar, og Kyrkerådet inviterer til webinar 16. desember, der du får vite meir om endringane og høve til å stille spørsmål.

[Les meir her](#)



Gløynde styresmaktene religions- og livssynsfridomen?

Eit advokatfirma har undersøkt om styresmaktene si handtering av pandemien gjekk ut over religions- og livssynsfridomen. Sjå opptak av frukostmøte med presentasjon av resultata.

[Les meir her](#)

Nyhetsbrevet vert sendt til tilsette, frivillige, folkevalde og andre interesserte i Den norske kyrkja. Har du fått det videresendt kan du [melde deg på nyhetsbrevet i dette skjemaet](#).

Vil du melde deg av? [Trykk her](#)



DEN NORSKE KYRKJA

krpostmottak@kyrkja.no